



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1356 - 18/29145

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2018

Stadfesting på mottatt klage på dispensasjon og vurdering av utsatt iverksetjing - gbnr 174/24 Totland (Seim)

Tiltak: Naust
Byggjestad: Gbnr: 174/24
Tiltakshavar: Ivar Hopland

Vi stadfestar med dette å ha mottatt dykkar klage på vedtak om dispensasjon den 13.09.2018.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker, jf. byggesakforskrifta (SAK) § 7-1 1.ledd bokstav c. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker, jf. SAK § 7-1 1.ledd bokstav f.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen vert handsama av Plan- og miljøutvalet. Nærare informasjon om møtetidspunkt vert gitt seinare. Møta vert halde på rådhuset og er opne for publikum.

Handsaminga i Plan- og miljøutvalet kan føra til at vedtaket vert endra, jf. forvaltningslova § 33. Dersom vedtaket vert oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Hordaland ved settefylkesmann for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetjing

I klagen er det bedt om at vedtaket om dispensasjon vert gitt utsett iverksetjing inntil klagesaka er avgjort. Oppmoding om utsett iverksetjing vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatta avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort, jf. forvaltningslova § 42.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka, sjå Ombodsmannen si årsmelding 1985 s. 154. Det sentrale for avgjerda vil



vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, t.d. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel og frå plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av naust på gbnr 174/24. Det ligg føre søknad om oppføring av naust etter plan- og bygningslova som ikkje er handsama i påvente av at dispensasjonssøknaden skal verta avgjort.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetjing av vedtaket om dispensasjon inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama søknaden om løyve til oppføring av naust før klagen på dispensasjonsvedtaket er endeleg avgjort då ei eventuell omgjerding av dispensasjonsvedtaket som no ligg føre vil føra til at eit vedtak om oppføring av naust på eigedomen også vil måtte gjerast om. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetjing får liten konsekvens for tiltakshavar. Det vert gjeve utsett iverksetjing av vedtaket om dispensasjon fatta av Plan- og miljøutvalet den 29.08.2018 i sak 098/18 inntil klagesaka er avgjort.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetjing i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ivar Hopland

Risåsen 9

5912

SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN